



**Bibelkveldar
Hausten 2019**

«Mysteriet i trua er stort...»

Denne hausten vil me ha fokus på trua som mysterium. Me vil gå inn i dette ut frå ulike vinklar, og klargjera hovudtema gjennom to innlegg kvar kveld.

Bryne sokneråd er ansvarleg for tiltaket, med støtte frå Klepp kyrkjelyd.

Ein komité er ansvarleg for planlegging og gjennomføring:

Brit Frøyland, Kjell Ragnar Thu og Jens Olav Mæland

Stad: Bryne kyrkje.

Tid: Tysdag 24/9, 8/10 og 22/10 — kl. 19.00 til 21.15

Det blir høve til spørsmål.

Kaffipause mellom innlegga

«*Mysteriet i trua er stort..*»

Det er eit slags framhald av det som var tema sist haust: «*Trua sitt 'univers'*». Me vil fokusera på det underfulle, det rystande og det tiltrekkjande i trua: «*Mysterium tremendum et fascinans*». Når Gud gir seg til kjenne, får mennesket ei kjensle av å stå på heilag grunn, og samstundes kjenner det seg dregen mot Gud. Vår tru, slik me fastheld den i dei tre trusartiklane, har skjulte dimensjonar og skjulte, underfulle skattar. Den svenske teologen Agne Nordlander omtaler *Korsets Mysterium* som «- et mysterium som *både* skal forklaras, utlegges og bli forstått, *og* på samme tid verken kan forklaras eller begripes fullt ut, men skal tilbes og lovprises.»

Salmisten undrar seg over skaparverket, og seier: «Når eg ser din himmel,... kva er då eit menneske – at du hugsar på det,-« (Sal 8).

Jesus seier til sine læresveinar: «Dykk er det gjeve å kjenna løyndomane (mysteriene) om Guds rike.» (Luk 8,10).

Apostelen Paulus seier om dei som tener i kyrkja at: «Dei skal eiga mysteriet i trua i eit reint samvit.» (1 Tim 3,9) Ja, «..mysteriet i vår gudstru er stort.» (v. 16).

Vårt samfunn med Kristus og med kvarandre blir stadig omtalt som noko underfullt, ein ufatteleg relasjon.

Avgrensing.

Samstundes med at trua blei omtalt som noko mysteriøst, tok ein i oldkyrkja avstand frå «mysterie-religionane». Dei la vekt på sære opplevingar og menneskesentrert religiøsitet. I den kristne trua derimot tilbad ein Skaparen, Frelsaren og Anden som gir det sanne livet.

Desse vil stå for undervisinga:

Bård Mæland, prorektor VID/MHS, prof. ST.

Anna Rebecca Solevåg, prof. ved VID/MHS.

Stein Ødegård, cand. theol frå MF, Sokneprest i Bryne.

Kjetil Aano, tidl. misjonær og gen.sekr. i NMS, prost i DnK.

Joar Haga, amanuensis ved VID/MHS.

Jens Olav Mæland, tidl. lærer ved Fjellhaug Skoler og prest i DnK.

Undervisningsmateriale.

Det vil bli delt ut undervisningsmateriale undervegs.

Me trur mange vil ha stor nytte av Bibelkveldane, og me ønskjer at bibelgrupper og foreiningar legg sine samlingar til desse

Tid	Tema	Foredragshaldar
24. sep	Vår kristne tru som 'mysterium' Ei bibelteologisk innføring i korleis dette perspektivet trer fram i Bibelen.	Jens Olav Mæland
	Skaparverket som noko ufatteleg og fascinerande. Kva er eit menneske at du kjem det i hug?	Bård Mæland
8. okt	Kristi forsoningsverk – eit mysterium! «.. eit mysterium, Guds løynde visdom.»	Anna Rebecca Solevåg
	Kristus og kyrkja – eit stort mysterium! Kyrkja er meir enn det me sansar – også lokalt.	Stein Ødegård
22. okt	Der får me del i Guds mysterium! Om gudstenesta som staden der Guds mysterium kjem til oss og skaper tru og liv.	Kjetil Aano
	Truserfaring og kristen mystikk. Om korleis «våre fedre» avviste spekulativ mystikk, og samstundes la vekt på ekte truserfaring.	Joar Haga